

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	Vestland ungdomsutval
<b>Møtestad:</b>	Fylkeshuset - Sandsli, Sandslihaugen 30, Bergen Utvalsalen, 2. et.
<b>Dato:</b>	06.03.2020
<b>Tid:</b>	11:30

### Program:

- 11.30-12.15 Opning av møtet  
Lunsj & nettmøte med Ungdommens Distriktspanel Vestland  
**representert ved** Hans Christian Knudsen, Sogndal
- 12.15-13.00 Fylkesvaraordfører Natalia Golis møter ungdomsutvalet
- 13.00-13.45 Leiar i hovedutval for samferdsel & mobilitet Jannicke Bergesen Clarke møter ungdomsutvalet
- 13.45-14.00 Pause
- 14.00-15.15 Orienteringar:
  - Regional planstrategi - Utviklingsplan for Vestland v/seniorrådgjevar Hans Christian Engum, SUD - plan, klima og folkehelse
  - Kollektivtilbodet for ungdom i distrikta & bruken av ungdomskortet i den nye fylkeskommunen

Frå Skyss møter Svein Magne Book Dalsgård, leiar Kundeopplevingar og Tom Arne Steinstad, leiar Innsikt og løysingar
- 15.15-15.30 Sakshandsaming

Dersom nokon av utvalet sine faste medlemar ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjera dette snarast råd til [dagmar.reutz.hillestad@vlfk.no](mailto:dagmar.reutz.hillestad@vlfk.no)

Denne innkallinga gjeld valde medlemar og dei tre første varamedlemene i Vestland ungdomsutval.

Susanne Sørli Slettebakken

leiar

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 3/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestland ungdomsutval 01.02.2020	<b>2020/1929</b>	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 9/20	Ansvarsfordeling - val av leiarar for dei fire satsingsområda	<b>2020/1929</b>	
PS 10/20	Møteplan 2020 - justeringar	<b>2020/1929</b>	

## **Godkjenningssaker**

**GK 3/20 Godkjenning av innkalling og sakliste**

---

Saknr: 2020/1929-13  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Vestland ungdomsutval	4/20	06.03.2020

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestland ungdomsutval 01.02.2020

Møtebok frå møte i Vestland ungdomsutval 01.02.2020 er lagt ved saka.

## Møteprotokoll

<b>Utval:</b>	Vestland ungdomsutval
<b>Møtestad:</b>	Thon Hotel Jølster, Skei
<b>Dato:</b>	01.02.2020
<b>Tid:</b>	09:00-16:30

### Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon
Susanne Sørli Slettebakken	Leiar
Leander Sunde	Nestleiar
Matilde Myklatun Hole	Medlem
Marius Helgheim Ahmt	Medlem
Synne Skulstad Birkhaug	Medlem
Mia Holdhus	Medlem
Lisa Horpen	Medlem

### Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon
Ebbe Io	Medlem
Kjersti Helene Rasmussen Hidle	Medlem

### Følgjande varamedlemer møtte:

Namn
Emilie Mortvedt
Sofie Krumsvik

### Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Dagmar Reutz Hillestad	seniorrådgjevar/utvalssekretær

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off</b>
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 1/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/20	Møteprotokoll frå møte i Vestland ungdomsutval 29.11.2019	2020/1929	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 1/20	Ny temaveileder om hvordan ta hensyn til barn og unge i planlegging og byggesaksbehandling	2020/36402	
RS 2/20	Invitasjon til dialogmøte 24. januar 2020	2020/1928	
RS 3/20	Plan for prosess for sak om opplæringstilbod ved dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune	2020/228	
RS 4/20	Statusrapport for LivOGLyst-programmet 2020	2020/482	
RS 5/20	Aktivitet og reiser i Vestland ungdomsutval sidan 29.11.2019	2020/1929	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 1/20	Utnemning av representant i innstillingsnemnd for klima- og miljøpris	2019/89	
PS 2/20	Fastsetting av møteplan for Vestland ungdomsutval for året 2020	2020/1929	
PS 3/20	Invitasjonar og tema for orienteringar i møter 2020	2020/1929	
PS 4/20	Handlingsprogram for kollektiv 2020-2023	2020/1929	
PS 5/20	Integrasjon av kollektivområdet i Vestland fylkeskommune	2020/1929	
PS 6/20	Byvekstavtale for bergensområdet 2019-2029. Framlegging av ferdigforhandla avtale til politisk handsaming	2020/1929	
PS 7/20	Mål og strategiar for utvikling av den vidaregåande opplæringa i Vestland for perioden 2020-2024	2020/1929	
PS 8/20	Kommunesektorens Organisasjon KS inviterer til Toppmøte Barn og Unge 10. februar 2020	2020/1929	

## Godkjenningssaker

### GK 1/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i 01.02.2020 - Vestland ungdomsutval

#### Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

### GK 2/20 Møteprotokoll frå møte i Vestland ungdomsutval 29.11.2019

Saksprotokoll i 01.02.2020 - Vestland ungdomsutval

**Susanne Sørli Slettebakken** hadde fylgjande merknader til møteprotokoll av 29.11.2020:

«Ved konstituering av Vestland ungdomsutval vedtok ein arbeidsstruktur og ansvarsfordeling, men det vart ikkje valt leiarar av desse arbeidsgruppene»

#### Vedtak

Møteprotokollen vart godkjent med desse merknadane.

## Referatsaker

### RS 1/20 Ny temaveileder om hvordan ta hensyn til barn og unge i planlegging og byggesaksbehandling

Saksprotokoll i 01.02.2020 - Vestland ungdomsutval

#### Vedtak

RS-sak 1/20 vart referert.

### RS 2/20 Invitasjon til dialogmøte 24. januar 2020

Saksprotokoll i 01.02.2020 - Vestland ungdomsutval

#### Vedtak

RS-sak 2/20 vart referert.

### RS 3/20 Plan for prosess for sak om opplæringstilbod ved dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune

Saksprotokoll i 01.02.2020 - Vestland ungdomsutval

#### Vedtak

RS-sak 3/20 vart referert.

### RS 4/20 Statusrapport for LivOGLyst-programmet 2020

Saksprotokoll i 01.02.2020 - Vestland ungdomsutval

#### Vedtak

RS-sak 4/20 vart referert.

### RS 5/20 Aktivitet og reiser i Vestland ungdomsutval sidan 29.11.2019

Saksprotokoll i 01.02.2020 - Vestland ungdomsutval

#### Vedtak

RS-sak 5/20 vart referert.



## Politiske saker

### PS 1/20 Utnemning av representant i innstillingsnemnd for klima- og miljøpris

#### Forslag til vedtak

Ungdomspolitisk utval oppnemner ein representant som deltek i innstillingsnemnda.

#### Saksprotokoll 01.02.2020 - Vestland ungdomsutval

**Susanne Sørli Slettebakken** sette fram slikt forslag:

«Sofie Krumsvik vert valt til å representera Vestland ungdomsutval i innstillingsnemnda for klima- og miljøprisen».

#### Avrøysting

Slettebakken sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

Ungdomspolitisk utval oppnemner ein representant som deltek i innstillingsnemnda.

Sofie Krumsvik vert valt til å representera Vestland ungdomsutval i innstillingsnemnda for klima- og miljøprisen.

### PS 2/20 Fastsetting av møteplan for Vestland ungdomsutval for året 2020

#### Forslag til vedtak

Vestland ungdomsutval vedtek det framlagde forslag til møteplan for året 2020 for utvalet sine møter og samlingar slik den ligg føre.

#### Saksprotokoll 01.02.2020 - Vestland ungdomsutval

**Susanne Sørli Slettebakken** sette fram slik forslag:

«Vestland ungdomsutval vil ha fylgjande møteplan for 2020:

helgesamling 31. januar-2. februar:	møtestad Skei
fredag 6. mars:	møtestad Bergen
måndag 11. mai:	videomøte Bergen og Førde/Leikanger
helgesamling 14.-16. august:	møtestad Kvalheim Fritid
onsdag 16. september:	møtestad Skei
helgesamling 16.-17. oktober:	møtestad Bergen
fredag 6. november:	møtestad Bergen
laurdag 7.-søndag 8. november:	nettverksamling, Bergen»

#### Avrøysting

Sørli Slettebakken sitt forslag var samrøystes vedteke.

#### Vedtak

Vestland ungdomsutval vedtek einstemmig det framlagde forslag til møteplan for 2020.

Utvalet vil ha fylgjande møter og samlingar:

helgesamling 31. januar-2. februar:	møtestad Skei
fredag 6. mars:	møtestad Bergen
måndag 11. mai:	videomøte Bergen og Førde/Leikanger
helgesamling 14.-16. august:	møtestad Kvalheim Fritid
onsdag 16. september:	møtestad Skei
helgesamling 16.-17. oktober:	møtestad Bergen
fredag 6. november:	møtestad Bergen
laurdag 7.-søndag 8. november:	nettverksamling, Bergen»

## PS 3/20 Invitasjonar og tema for orienteringar i møter 2020

### Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

### Saksprotokoll 01.02.2020 - Vestland ungdomsutval

**Susanne Sørli Slettebakken** sette fram slikt forslag:

«Vestland ungdomsutval ynskjer å invitera fylkesvaraordførar, utvalsleiarane i hovedutvala, samt ulike avdelingar og seksjonar i fylkeskommunen til å orientera i utvalsmøta.

### Avrøysting

Sørli Slettebakken sitt forslag var samrøystes vedteke.

### Vedtak

Vestland ungdomsutval ynskjer å invitera fylkesvaraordførar, utvalsleiarane i hovedutvala, samt ulike avdelingar og seksjonar i fylkeskommunen til å orientera i utvalsmøta.

## PS 4/20 Handlingsprogram for kollektiv 2020-2023

### Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

### Saksprotokoll 01.02.2020 - Vestland ungdomsutval

**Susanne Sørli Slettebakken** sette fram slikt forslag:

«Vestland ungdomsutval VU ønskjer ei orientering frå Skyss om korleis ein kan bruke ungdomskortet i den nye fylkeskommunen, korleis me saman kan samarbeide om våre felles interesser om veisikring, og korleis me kan samarbeide om balanse mellom berekraft og tilgjengelighet. VU vil og understreke viktigheten av eit godt kollektivtilbod i distrikta for å halde unge interesserte i å bu der i staden for å flytte til byane. Korrespondanse er og viktig for eit godt kollektivtilbod. Me ser og at fylkeskommunen bør jobbe inn i kontraktene at ungdomskortet skal være nok til å sikre plass på båt og buss.»

### Avrøysting

Sørli Slettebakken sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Vestland ungdomsutval VU ønskjer ei orientering frå Skyss om korleis ein kan bruke ungdomskortet i den nye fylkeskommunen, korleis me saman kan samarbeide om våre felles interesser om veisikring, og korleis me kan samarbeide om balanse mellom berekraft og tilgjengelighet. VU vil og understreke viktigheten av eit godt kollektivtilbod i distrikta for å halde unge interesserte i å bu der i staden for å flytte til byane. Korrespondanse er og viktig for eit godt kollektivtilbod. Me ser og at fylkeskommunen bør jobbe inn i kontraktene at ungdomskortet skal være nok til å sikre plass på båt og buss.

## PS 5/20 Integrasjon av kollektivområdet i Vestland fylkeskommune

### Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

### Saksprotokoll 01.02.2020 - Vestland ungdomsutval

**Susanne Sørli Slettebakken** sette fram slikt forslag:

«Vestland ungdomsutval VU vil understreke viktigheten av eit godt kollektivtilbod i distrikta for å halde unge interesserte i å bu der i staden for å flytte til byane. Korrespondanse er og

viktig for eit godt kollektivtilbod. Me ser og at fylkeskommunen bør jobbe inn i kontraktene at ungdomskortet skal være nok til å sikre plass på båt og buss.»

#### **Avrøysting**

Sørli Slettebakken sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Vestland ungdomsutval VU vil understreke viktigheten av eit godt kollektivtilbod i distrikta for å halde unge interesserte i å bu der i staden for å flytte til byane. Korrespondanse er og viktig for eit godt kollektivtilbod. Me ser og at fylkeskommunen bør jobbe inn i kontraktene at ungdomskortet skal være nok til å sikre plass på båt og buss.

### **PS 6/20 Byvekstavtale for bergensområdet 2019-2029. Framlegging av ferdigforhandla avtale til politisk handsaming**

#### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram for utvalet utan tilråding.

#### **Saksprotokoll 01.02.2020 - Vestland ungdomsutval**

**Susanne Sørli Slettebakken** sette fram slikt forslag:

«Vestland ungdomsutval VU tek saka til orientering».

#### **Avrøysting**

Sørli Slettebakken sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Vestland ungdomsutval VU tek saka til orientering

### **PS 7/20 Mål og strategiar for utvikling av den vidaregåande opplæringa i Vestland for perioden 2020-2024**

#### **Forslag til vedtak**

Vestland ungdomsutval gjer slikt val av representant til referansegruppa:

.....

#### **Saksprotokoll 01.02.2020 - Vestland ungdomsutval**

**Susanne Sørli Slettebakken** sette fram slikt forslag:

«Sofie Krumsvik vert Vestland ungdomsutval sin representant i referansegruppa».

#### **Avrøysting**

Sørli Slettebakken sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Vestland ungdomsutval VU gjer slikt val av representant til referansegruppa.

Sofie Krumsvik vert Vestland ungdomsutval sin representant i referansegruppa.

### **PS 8/20 Kommunesektorens Organisasjon KS inviterer til Toppmøte Barn og Unge 10. februar 2020**

#### **Forslag til vedtak**

Vestland ungdomsutval tek imot invitasjonen og ynskjer å delta i KS sin ungdomsmedverknadsprosess. VU sender fylgjande representantar til Toppmøte Barn og Unge i Oslo 10. februar:

## Saksprotokoll 01.02.2020 - Vestland ungdomsutval

**Susanne Sørli Slettebakken** sette fram slikt forslag:

«Vestland ungdomsutval sender følgjande representantar til Toppmøte Barn og Unge i Oslo 10. februar: Lisa Horpen, Sofie Krumsvik, Håkon Sveen Lothe, Eva By Vikøren, Edas Kondrotas, Synne Birkhaug, Emilie Mortvedt, Mia Holdhus og Susanne Sørli Slettebakken».

### **Avrøysting**

Sørli Slettebakken sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Vestland ungdomsutval tek imot invitasjonen og ynskjer å delta i KS sin ungdomsmedverknadsprosess. Vestland ungdomsutval sender følgjande representantar til Toppmøte Barn og Unge i Oslo 10. februar: Lisa Horpen, Sofie Krumsvik, Håkon Sveen Lothe, Eva By Vikøren, Edas Kondrotas, Synne Birkhaug, Emilie Mortvedt, Mia Holdhus og Susanne Sørli Slettebakken.

## **Politiske saker**

**PS 9/20 Ansvarsfordeling - val av leiarar for dei fire satsingsområda**

---

Saknr: 2020/1929-12  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

### Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Vestland ungdomsutval	9/20	06.03.2020

### Ansvarsfordeling - val av leiarar for dei fire satsingsområda

Forslag til vedtak

Vestland ungdomsutval vel fylgjande leiarar for dei fire satsingsområda:

Kultur, idrett og integrering:

Opplæring og kompetanse:

Samferdsel og mobilitet:

Næring, naturressursar og innovasjon:

I tillegg skal det veljast leiar til arbeidsgruppa «Eigen organisasjon»:

### Samandrag

Vestland ungdomsutval (VU) har i eit tidlegare møte laga ein arbeidsstruktur for korleis VU skal vera organisert og korleis VU skal arbeide i denne valperioden. Organiseringa er vald på bakgrunn av slik dei fire politiske utvala i Vestland fylkeskommune er organisert. Eitt av medlemmane på kvart satsingsområde skal vera leiar for sitt område. I tillegg er det også eit område som gjeld «Eigen organisasjon». Ved konstituering av VU 29.11.2019 vart det ikkje valt leiarar, så difor vert det no fremja ei sak som gjeld oppnemning av leiarar for desse utvalsområda.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland ungdomsutval (VU) vart vald på Fylkestinget For Ungdom (FFU) 3. november 2019. Det nye VU måtte såleis konstituere seg i første møte 29. november 2019. I same møte vart det også gjort vedtak om ansvarsfordeling og avgjort korleis VU skal vera organisert og arbeide denne valperioden.

Med bakgrunn i erfaringa frå tidlegare ungdomsutval både i Sogn og Fjordane og Hordaland, har ein valt å fylgje den politiske organiseringa til fylkeskommunen.

Vestland ungdomsutval består av ni faste medlemar og sju varamedlemar. Dei tre første varamedlemane er fast møtande, så til saman vil det vera 12 som møter fast til kvart møte i VU. Dette er også i samsvar med vedtektene til VU.

Dei faste medlemane og dei fast møtande varamedlemane vil såleis vera ansvarleg for eit satsingsområde kvar. VU sitt arbeidsområde vil - i tillegg til å følgje opp det vedtekne plandokumentet frå FFU 03.11.19 - vera å følgje opp aktuelle saker, planar og elles førespurnader innafør sitt saksområde. Det er såleis viktig at ein no får valt leiarar for desse satsingsområda.

Vedtakskompetanse

Vestland ungdomsutval vel sjølv sine leiarar innafør satsingsområda for VU.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** ikkje relevant

**Klima:** ikkje relevant

**Folkehelse:** ikkje relevant

**Regional planstrategi:** ikkje relevant

Konklusjon

Vestland ungdomsutval vil med bakgrunn i plandokumentet vedteke på Fylkestinget For Ungdom (FFU) 03.11.2019, og vedtak om ansvarsfordelinga ved konstituering av Vestland ungdomsutval (VU) 29.11.2019, oppnemna leiarar for satsingsområda.

---

Saknr: 2020/1929-11  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Vestland ungdomsutval	10/20	06.03.2020

**Møteplan 2020 - justeringar**

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram for drøfting i ungdomsutvalet - utan tilråding frå administrasjonen.

**Samandrag**

I Vestland fylkeskommune har dei tre fylkeskommunale medverknadsorgana ein og same utvalssekretær. Sjølv om ein har lagt møteplanar for råd/utval, er det arrangement som vil finne stad utanom fastsette møter. 11. og 12. mai er det tidfesta eit arrangement der Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne saman med andre aktørar i og utanfor fylkeskommunen skal gjennomføre ein stor konferanse i Bergen med hovudtema universell utforming. Det let seg ikkje gjera å endre på dato for dette arrangementet, så difor blir ein nøydd til å endre møtedato 11. mai for Vestland ungdomsutval. Vestland ungdomsutval vedtok møte- og temaplan for 2020 i utvalsmøte 1. februar 2020.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*



## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Vestland ungdomsutval fastset sjølv sin eigen møteplan, men så lenge det er ein og same utvalssekretær i dei tre medverknadsorgana må administrasjonen kunne koordinere møta i desse organa. Vestland ungdomsutval har fastsett sin møteplan for 2020. Det er tillyst videomøte måndag ettermiddag 11. mai, men denne blir vanskeleg å gjennomføre grunna eit større arrangement i fylkeskommunal regi.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) skal saman med fleire aktørar både i og utanfor fylkeskommunen stå som arrangør for ei større samling 11.-12. mai i Bergen.

Det vil såleis vera uråd for administrasjonen å gjennomføra møte i ungdomsutvalet denne ettermiddagen.

Det vil grunna eksamenstid, tentamen og skuleavslutning vera vanskeleg å leggje fram forslag til ny møtedato frå administrasjonen. Juni måned kan også vera ei høveleg tid for eit utvalsmøte, men då med eit lenger møte enn eit videomøte om ettermiddagen.

### Konklusjon

Vestland ungdomsutval gjer vedtak om å endre fastsett møtedato 11. mai.